

Viser til skriv etter oppstart rulleringsplan 106/12

Vegen fra Fonnebostkaaien til eigedomane etter planområdet er privat og tiltakshavar er kun medeigar. Tiltakshavar sin tilkomstveg til eigen bustad går ikkje her og han vert ikkje plaga av den dramatiske auken her er lagt opp til. Utleiehytter, camping, tilrettelegging av omfattande småbåthamn(eksisterande båthavn er ikkje godkjent og det foreligg krav om fjernig samt dagmult f.o.m 1/9-2011. Parkering på fleire stader langs vegen til desse formåla, samt parkering for badegjestar. Vegen er forutan privat tilkomstveg og ein naturleg leikeplass for ungane våre. Planområdet ved sjøen er og tenkt til allmenn bruk, går kommunen inn for dette må kommunen kjøpa vegen og overta drift og vedlikehold.

Vedrørande camping kan eg ikkje sjå anna enn at det må takast heilt ut av planen, viser igjen til § 9 i frilufslova som slår fast at dette ikkje skal vera til sjenanse for fastbuande og ha ein minimumsavstand på 150m til bebygd eigendom. Eg fekk diverre ikkje mulighet til å påverka rulleringsplanen i kommunen då mine skriftlege henvendingar i 2011 og 2012 ikkje vart besvart. Det er svært uheldig at kommunens tidlegare sakshandsamingsfeil og tiltakshavar sine ulovligheter i strandsona vert lovleg ved å gjera om kommuneplanen.

Det planlagde bustadområdet er også plassert for tett inntil fylkesveg. Skriv fra Statens vegvesen 21.01.2013 påpekier dette og viser til veglovens § 29, der byggegrensa er satt til 50 meter fra veg. I BF 4 og BF 5 må det store utfyllingar til før det kan byggast og og elva som går der vert berørt. Delar av bustadområdet ligg og utanfor kommuneplanens område for bebyggelse og høgspenlinjene går rett gjennom området. Bustadområdet må takast ut av planen, og tiltakshavar kan komme med eit betre innspel til område ved neste kommuneplan.

For å beskytta båthavna som ligg veldig værutsatt til for heilårsbruk, ser eg at det vert lagt til rette for bølgedempar. Denne må vera betydelig lenger en bryggjene for å ha effekt og med fortøyningar vert det ikkje mykje plass at for skipstraffiken til den offentlege Fonnebostkaaien. Det må og teiknast inn i kartet kor denne er tenkt lagt og Bergen og Omland Havnevesen må på nytt varslast. Badeområdet i og utanfor Kolåsvika vert også ennda meir skjemd med ei slik innretning.

Vedrørande skriv frå kultur og idrettsavdelinga hjå fylkesmannen 20. juni 2012, vert det krevd ei arkeologisk registrering av området, jmf.§ 9 i kulturminnelova. Er dette utført og kva vart eventuelt resultatet.

Det er mange feil og mangler ved denne reguleringsplanen, inngrep som talar kommunens retningslinjer imot og ikkje minst store negative konsekvensar for fastbuande. Kor mykje verdien av min og fleire sine eigendomar vert forringa er vanskeleg å fastslå, men eg trur det for oss som vert berørt er livskvaliteten og dei negative konsekvensane som er verst.

Med bakgrunn i mange feil, stor motsand og ikkje minst tiltakshavars tilknytning til kommunen, trur eg og mange med meg at det vil vera klokt å forkasta saka, eller ta området ut av kommuneplanen og la ein sette kommune/ fylke avgjere om området er eigna til planlagte formål.

Øystein Vabø, 106/13

> From: Oeystein Magnus Vaboe [oemavab@online.no]

> Sent: 2012-06-15 14:11:33 CEST

> To: vibeke@weglo-design.no

> Subject: Innspel til oppstart rulleringsplan 106/12 i Lindås kommune

>

> Viser til vedtak i Lindås kommune 22/9-2011 der kommunen har tatt grunneigars ønske om å regulera om all hans eigendom i strandsona til følge. (vedkommande er forøvrig saksbehandlar i landbruksavdelinga i Lindås kommune)

> Heile området låg i LNF område og innanfor 100 meter grensa til sjø.

>

> Eg er medeigar av 106/15 her låg også inne forslag til samme rulleringsplan, denne vart ikkje ein gong tatt opp til vurdering pga si nerheit til strandsona? Dette er veldig betenkelig, eller kanskje ikkje!

>

> Når det gjeld tilrettelegging for camping slår frilufslova fast i § 9 at dette ikkje skal vera til ulempe for fastbuande og ha ein avstand til bebyggelse på 150 meter. Her er det lagt opp til at dei skal bruke vår private tilkomstveg forutan at området som er tenkt til camping ligg kloss i bustadområdet. Det er 4 eigarar av vegen der Vagleik Vabø kun eig 25%. Om hyttene ikkje kjem på innmarka men vert oppførte i skråninga mellom hytte på 106/13 og driftsbygning på tiltakshavar sin eigendom, kan det likevel akseptast utan protest.

>

> Vagleik Vabø har sidan innspel til kommuneplan vore tydelig på at han vil utvida vår private veg, ved auka bruk/godkjent omregulering. Her må alle eigarar i vegen takast med i møte. Ved å ta ut planane om oppstillingsplass for campingbiler på innmarka ved bruk 13 og tilrettelegga parkering for båthavna på begge sider av den første traseen ved kaaien, vil han kunna sleppa unna med mindre utgifter i vegen. Fylkesveg 400 (Fonnebustvegen) bør og absolutt utvidast om det skal leggest ut 30 båt plassar, badevik og comingområde. Her er lagt opp til noko meir trafikk en dei fastbuande

generer. Frå bussplassen ved Holmås og heilt til kaien er det svært lite møteplassar som høyrer til vegen, det er heller ingen vegskulder eller fortau for skuleborn og mjuke trafikantar. Dette er utgifter tiltakshavar må bæra og vera på plass før oppstart om fylkeskommunen krev dette.

>

> Området som kommunen har tilrettelagt til hytte og camping er på store delar av innmarka til tiltakshavar. Det er heilt ubegripelig at kommunen og tiltakshavar heile tida har forsvart tiltak om småbåthavn i LNF området og argumenterte med at dette er i samsvar med satsingsområdet (landbruk +) og at dei ser på dette som attåtnering til landbruket, samtidig som det vert lagt til rette for å fjerna beiteområdet på bruket.

>

> 106 /13 og eigendomar fråskildt denne har vegrett gjennom det aktuelle området, dette må på det aller sterkaste takast omsyn til. Vegretten er tilsvarende vegretten som går frå kaien til grense ved 106/13. Dette er slått fast i skylddelingsforretninga, samt dom i jordskifteretten 2010.

>

> Ber og om at kommunen vurderer opp at innspel til omregulering på 106/15 og tar med 106/13,150 og 151 for å få gjort desse om til bebyggd eigendom.

>

> Når det gjeld bustadtomtene som er tenkt fråskild bruket, håpar eg det vert tatt omsyn til tiltakshavars søsken mfl sine innspel. Det er alt skild ut 5 parseller/tomter fra 106/12. Det er i tillegg til dette gitt løyve fra kommunen til setja opp nytt hus med to bueningar på bruket og det gamle kårhuset er bygd ut til tomannsbolig.

>

> Bygge ut småbåthavn i dette omfang og i samme området som det alltid har vore badevik og kommunen no har regulert om til badeområdet i plankartet er vel mildt sagt, ikkje å anbefale. At folk badar i vika som også ligg på min eigendom 106/13 er ingen problem, men å leggja opp til storstilt bruk vil vera sjenerande då husa ligg like ved.

>

> Eit anna punkt er at båtavna vil vera til hinder for frakteskøyten og anna skipstrafikk som skal til Fønnebustkaien.

>

> Det viktigaste argumentet mot småbåthavn i dette området er at det ligg heilt ubeskytta mot uvær frå austlig retning. Det er ca 10 km med open fjord mot Masfjordfjella. Produsentar av uteriggere anbefalar ikkje meir enn 1,5-2 km. I enkelte område kan det hjelpa med bølgedempere, men i Fensfjorden som er nermast terskelfri, fører uvær vinterstid til at det blir eit veldig ``drag`` i sjøen med påfølgande store bevegelser i båtar, bryggjer og uteriggere.

> Eg er sjølv medeigar i privat bryggje ved Lindås feriesenter, her har det kvart år dei siste 3 åra vore skader på uteriggere, seinast i år skader for ca 30 000 kroner. Det har og alt vore skader/forsikringsak på båt ved tiltakshavars bryggje i tillegg til at hovudkjetting i land sleit seg først året. (sjå vedlegg)

>

> Nord for Nautevågane, i samme område, sank ein Saga 27 for nokre år sidan (snekke til ca 200 000,-) I austlig kuling brakk uterigger og jaga i sjøen til det vart hol i skutesida.

>

> Jan Oppedal fra Fønnebustsjøen var ein av dei første som kjøpte båtlass i brygga som alt er her. Han har valgt å flytta båten sin pga at her er for værutsatt.

>

> Etter uværet Dagmar i vinter vart det reist kritikk mot tiltak som ligg dårlig skjerma mot vær og vind. Det var spesielt forsikringselskap som meinte at kommunar og fylke må bli strengare med tanke på plassering av nettop båthavner. Stigande havnivå har og vore opp i media som moment som må takast med i framtidige byggeplanar.

>

> Området som er gjort om i kommuneplanen til småbåthavn og hytte/campingområdet er lite egna, det trur eg at det er 100% oppslutning om, av alle eg har vore i kontakt med. At kommunen som arbeidsgivar velger å tilrettelegga for tiltakshavar er og noko betenkelig. Når ein veit at Vagleik Vabø har legeerklering på at han ikkje er før til å arbeida meir enn 60% stilling og forutan dette driv eit småbruk så kan det vel bli i meste laget å gå i gang med denne omfattande omreguleringa. Ein ting er å få det godkjent, ei anna sak er å gjennomføra og driva det. Eg tar vel ikkje hardt i om eg hevdar at dette småbruket er av dei mindre velstelte bruk i distriktet.

>

> Mi personlege meinig som nabo, tilskodar og `` pårørende `` er at heile prosjektet må leggjast daudt og so får ein vente å sjå kor lenge båthavna som alt er på plass vert liggjande, utan kostbart vedlikehold, skader og forsikringssaker, i dette værutsatte område.

>

> Helsin Øystein Vabø 106/13